

Brukarhandbok for Lingdys 3.7

3.7.568.0

Lingit AS

Innhald

Kva er Lingdys?	1
Installasjon	2
Installasjon frå CD.....	2
Oppdatering til ny versjon eller nyinstallasjon via internett.....	3
Oppstart og bruk	4
Språkinnstillingar	5
Microsoft Word.....	5
OpenOffice.org/LibreOffice Writer.....	5
Internet Explorer, Notisblokk (Notepad), Wordpad.....	6
Komponentar	7
Forslagsvindauget.....	7
Ordbok.....	8
Talesyntese.....	9
Forslagsvindauge, ordbok og talesyntese.....	9
Individuelle innstillingar.....	9
Lingspeak 3	11
Verdt å vite	13


Kva er Lingdys?

Lingdys er ei norsk skrivestøtte som er enkel å bruke. Programmet er spesielt tilpassa dyslektikarar og andre skrivesvake. Lingdys kan tilpassast den enkelte brukar. I motsetning til vanlege stavekontrollar rettar Lingdys stavefeil som er vanlege blant dyslektikarar og skrivesvake, deriblant feil som skuldast store skilnader mellom munnleg og skriftleg norsk.

Lingdys består av ein kraftig stavekontroll og ordprediksjon, fleire ordbøker og tre norske talesynteser - Lingspeak Arne, Lingvoice Isak HTS og Lingvoice Inger HTS.

Lingdys integrerer seg fullstendig i tekstbehandlarane Microsoft Word, OpenOffice.org Writer, LibreOffice Writer og Microsoft Outlook. Lingdys kan også nyttast med Internet Explorer, Notisblokk (Notepad), Wordpad etc.

Saman med Lingdys får du også skjermlesaren Lingspeak 3.



Lingdys saman med Microsoft Word 2007 på Windows 7.


Installasjon

Lingdys blir oftast levert på ein CD, men ein kan også laste programmet ned fra vår nettstad www.lingit.no. For å kunne installere må du ha ein gyldig lisenskode for programmet. Lingit oppdaterer produkta kontinuerleg, og den nyaste versjonen kan du laste ned frå nettsida vår.

For systemansvarlege som skal installere Lingdys: Sjå referansedokumentasjonen på installasjons-CD-en eller sjekk nettsida www.lingit.no.

Installasjon frå CD

Lukk alle program i Microsoft Office, OpenOffice.org og LibreOffice før installasjon. Dette gjeld også den såkalla snøggstarten til OpenOffice.org eller LibreOffice i systemstatusfeltet nedst til høgre på skjermen, dersom denne er aktivert.



*Klikk med høgre musetast på OpenOffice.org-ikonet og vel **Avslutt snøggstart**.*

På Windows XP: Sett CD-en inn i CD-skuffa. Dobbeltklikk ikonet for Lingdys. Installasjonen startar.

På Windows Vista eller Windows 7: Sett CD-en inn i CD-skuffa. Åpne mappeinnholdet på CD-en. Om du ikkje får fram valget **Åpne mappa for å vise filene** automatisk, gjer du det slik: Åpne Start-menyen, gå til **Datamaskin** og høgreklikk ikonet for Lingdys , og velg **Åpne**. Innhaldet på CD-plata blir vist. Høgreklikk installasjonsprogrammet, som vil heite anten Lingdys eller

LingDys.exe, og velg **Kjør som administrator**. Installasjonen startar.

Etter at installasjonsprogrammet har starta, følgjer du instruksjonane på skjermen steg for steg. Under installasjonen vil du bli spurt etter lisensen som følgjer med CD-en. Ha derfor denne tilgjengeleg. Merk at lisensen består av fire felt (navn, firma, antall lisenser, lisenskode). Du må fylle inn alle felt **nøyaktig** slik det står i originalkoden.

Når installasjonen er ferdig, vil Lingdys-ikonet visast i systemstatusfeltet nedst i høgre hjørne på skjermen.

Oppdatering til ny versjon eller nyinstallasjon via internett

Den nyaste versjonen av installasjonspakken kan du laste ned frå www.lingit.no. Oppdateringar innanfor ein hovudversjon av LingDys (til dømes frå LingDys 3.0 til LingDys 3.6) er gratis.



Den nedlastbare installasjonspakken inneheld ei kjørbare .exe-fil. Du startar installasjonen ved å dobbeltklikke på fila, og velge alternativet **Kjør som administrator** (gjeld ikkje for installasjon på Windows XP). Herfrå går installasjonen føre seg på same måte som ved installasjon frå CD.

Det er ikkje nødvendig å fjerne eldre versjonar av Lingdys før du oppdaterer programmet, men du må lukke eldre versjonar før oppdatering.

Oppstart og bruk

Start Lingdys frå Start-menyen. Programmet vil no kontrollere tekst frå Word, Writer, Outlook, Internet Explorer, Wordpad, Notisblokk (Notepad) osv.

Medan Lingdys køyrer, tek det over alle stavekontrollfunksjonar i tekstbehandlaren. På verktøylinja i tekstbehandlaren vil du finne tre eller fire nye knappar som gir deg tilgang til funksjonane i Lingdys. Dersom programmet ikkje køyrer, vil det starte opp viss du klikkar på ein av desse knappane.



Lingdys-knappane på verktøylinjene i Microsoft Word 2007 og OpenOffice.org Writer 3.1.

For å avslutte Lingdys: Klikk med høgre musetast på ikonet til Lingdys i systemstatusfeltet nede til høgre på skjermen, og vel **Avslutt** i menyen.

Språkinnstillingar

For at Lingdys skal kunne rette norsk tekst, må programmet vite når det skal skrivast på norsk, og om målforma du skal skrive på er nynorsk eller bokmål. Du vel språk i tekstbehandlaren på følgjande måte:

Microsoft Word

Endre språk før du begynner å skrive i dokumentet. Har du alt begynt å skrive, merkjer du teksten (om aktuelt gjerne heile dokumentet).

I Word 2000/XP/2003 vel du **Verktøy > Språk > Angi språk** i menylinja, eller du dobbeltklikkar på språkvalet nedst i midten i Word. I Word 2007 vel du arkfana **Se gjennom** og klikkar på knappen **Angi språk**, eller du venstreklikkar på språkvalet nedst til venstre i Word.

I Word 2010 (og Outlook) vel du arkfana **Sjå gjennom** og klikkar på knappen **Språk**, og etter det **Angi korrekturspråk....** Du kan også klikke på språkvalet nede til venstre i Word-dokumentet.

Vel ei norsk ordliste (*Norsk nynorsk* eller *Norsk bokmål*) frå lista i dialogboksen **Språk**.

Fjern haken ved funksjonen **Identifiser språk automatisk** i same dialogboks for å forhindre at Word på eiga hand endrar språket i dokumentet når det treffer på eit ord det ikkje kjenner igjen, og på denne måten set Lingdys ut av funksjon.

OpenOffice.org/LibreOffice Writer

Endre språk før du begynner å skrive i dokumentet. Har du alt begynt å skrive, merkjer du teksten (om aktuelt gjerne heile dokumentet).

Vel **Verktøy** > **Språk** > **For utval** > **Meir ...** i menylinja. Frå nedtrekkslista **Språk** vel du ei norsk ordliste (*Norsk nynorsk* eller *Norsk bokmål*). Eventuelt kan du venstreklikke på språkvalet nedst i midten i Writer og velje ei norsk ordliste frå lista. Vel **Meir ...** dersom språket du ønskjer, ikkje ligg i lista.

Kontroller at det under **Verktøy** > **Innstillingar** > **Språkinnstillingar** > **Skrivestøtte** > **Tilgjengelege språkmodular** ikkje er (*OpenOffice.org*) *Hunspell SpellChecker* som er avkryssa, men derimot *Lingdys*.

Internet Explorer, Notisblokk (Notepad), Wordpad

Dersom standardspråket til datamaskina er satt til nynorsk, vil Lingdys gje nynorske forslag i forslagsvindauget når du skriv i Internet Explorer, Notisblokk (Notepad) eller Wordpad. Likeeins dersom standardspråket er satt til bokmål.

Komponentar

Forslagsvindaugget

Forslagsvindaugget er ein av dei viktigaste komponentane i Lingdys. Forslagsvindaugget viser to sentrale funksjonar i Lingdys, **ordprediksjonen** og **stavekontrollen**.

Dersom du har kryssa av for valet **Vis prediksjon** i Lingdys-innstillingane, foreslår *ordprediksjonen* i Lingdys korrekt stava ord fortløpande alt mens du skriv. Dersom ordet du skriv ikkje finst i Lingdys-ordlista, kan det hende det ikkje blir vist nokon forslag. Då vil du først få forslag når ordet har blitt korrigert eller skrive ferdig.

Etter at du har avslutta eit ord, anten med mellomrom eller teiknsetjing (punktum, komma o.l.), vil *stavekontrollen* i Lingdys vise forslag til stavemåte i forslagsvindaugget.

Har du skrive eit ord riktig, legg det seg øvst i forslagsvindaugget. Resten av forslaga blir rangerte etter kor ofte dei statistisk sett står i ein "typisk" norsk tekst. Ofte brukte ord ligg lenger opp i lista enn sjeldnare ord.

For å stavekontrollere eit vilkårleg ord i teksten, plasser innsetjingspunktet i det aktuelle ordet (klikk ein gong midt i eller bak ordet). Ikkje merk ordet ved å dobbelklikke på det, for då er det ordet framføre som blir stavekontrollert.

Er du usikker på eit ord som blir vist i forslagsvindaugget, kan du slå det opp i ordboka: Merk forslaget og klikk **Slå opp** i forslagsvindaugget. Klikkar du **Les opp** i forslagsvindaugget, les talesyntesen det merkte ordet.



Forslagsvindaug til Lingdys.

Knappene i forslagsvindaug er, frå venstre mot høgre:

- **Set inn:** Set eit merkt ord frå forslagsvindaug direkte inn i teksten.
- **Slå opp:** Slå eit merkt ord frå forslagsvindaug opp i ordboka (også ord som er markert i andre Windowsprogram).
- **Les opp:** Få lese opp eit merkt ord frå forslagsvindaug (også all markert tekst i andre Windowsprogram).
- **Hjelp:** Vis hjelpefunksjon og bruksmoglegheiter i Lingdys.
- **Innstillingar:** Vis innstillingane for Lingdys.

Ordbok

Lingdys inneheld tre ordbøker: *Nynorskordboka* frå Samlaget, *Norsk ordbok for grunnskolen* og *Norsk ordbok* frå Cappelen Damm. Du kan slå opp i ordboka på følgjande måtar:

1. Slå opp eit ord frå dokumentet: Plasser innsetjingspunktet i det aktuelle ordet (klikk ein gong midt i ordet) og klikk boka på verktøylinja til Word/Writer.
2. Slå opp forslag frå forslagsvindaug: Merk det aktuelle forslaget og klikk **Slå opp** i forslagsvindaug.

Talesyntese

Lingdys inneheld dei norske stemmene *Lingvoice Isak*, *Lingvoice Inger*, *Lingvoice Inger Enkeltord* og *Lingspeak Arne*. Alle fungerer på både nynorsk og bokmål, og kan lese opp samanhengande tekstar, enkeltord i forslagsvindauget og innhaldet i ordboka.

Opplesing av tekst frå dokumentet: Merk den aktuelle teksten og klikk **Les opp tekst** på verktøylinja til Word/Writer. Avbryt opplesinga ved å klikke på **Stopp opplesing**.

Opplesing av forslag i forslagsvindauget: Merk det aktuelle ordet og klikk snakkebobla i forslagsvindauget.

Opplesing av oppslag i ordboka: Klikk snakkebobla i ordboksvindauget. Opplesinga stoppar dersom du klikkar på snakkebobla på nytt.

Forslagsvindauge, ordbok og talesyntese

Kvar av desse komponentane er nyttige hjelpemiddel, men den beste hjelpa får du først når komponentane blir nytta saman. Stavekontrollen gjer det mogleg å raskt finne det riktige ordet. Ordprediksjonen kan også vere til hjelp med å finne riktig ord medan du skriv.

Andre feil blir først tydelege ved høgtlesing av teksten. Ofte kan forslag i forslagsvindauget likne på kvarandre. Opplesingsfunksjonen kan hjelpe deg med å plukke ut det riktige forslaget. Om det ikkje hjelper, er oppslag i ordboka eit nyttig hjelpemiddel. Gjer deg fortruleg med dei forskjellige moglegheitene i programmet.

Individuelle innstillingar

For å gjere tilpassingar av Lingdys, klikk **Vis innstillingar** i forslagsvindauget.

I innstillingane kan du tilpasse Lingdys til dei spesielle behova og preferansane til den enkelte brukar. Du kan blant anna tilpasse storleiken på ordlista, justere talehastigheita på den kunstige stemma, velje kontrollmetode til bruk i stavekontrollen, definere hurtigtastar eller definere egne brukarord og brukarreglar. Du kan også tilpasse utsjånaden til Lingdys ved å byte mellom ulike ikon-tema.


Er du usikker på korleis ein funksjon eller ei innstilling fungerer, trykk F1. Då blir referansedokumentasjonen for Lingdys vist, kor du kan lese meir om den aktuelle innstillinga.

Lingspeak 3

Lingspeak 3 er ein skjermlesar og ein opplesar. Det unike med Lingspeak 3, er at han gir veldig god støtte for visualisering mens det leses opp frå andre programmar. Det er lagt stor vekt på at skjermlesaren skal vere enkel å bruke og oppfylle krava til universell utforming. I tillegg til vanleg tekst kan Lingspeak lese opp nesten alle element du ser på skjermen, også knappar, menyar og mykje meire.

- For å køyre Lingspeak dobbeltklikkar du på Lingspeak-snarvegen på skrivebordet. Du kan også starte Lingspeak frå Start-menyen til Windows.
- Du kan no få lest opp tekst tilhøyrande eit element (til dømes ein knapp) på skjermen ved å peike på det, og trykkje og sleppe CTRL-tasten. Dette definerast som skjermlesarmodusen.
- Du kan også få lest opp tekst ved å markere den, og trykkje og sleppe SHIFT-tasten. Dette definerast som opplesarmodusen.
- Du kan også skrive inn tekst, lime inn tekst eller skanne inn tekst (frå til dømes C-PEN) i hovudvindaugget for å få han lest.
- For å avslutte Lingspeak vel du **Fil > Avslutt** i hovudvindaugget.

Lingspeak har si eiga brukarhandbok, som du kan lese (eller få lest opp!) ved å velje **Hjelp > Vis hjelp** i hovudvindaugget. Det finnes meire utfyllande informasjon om Lingspeak på vår heimeside. Der vil du også finne brukarhandboka som PDF-dokument.



Hovudvindaugget til Lingspeak.

Verdt å vite

Tips: Engelsk og norsk stavekontroll i same dokument

Somme gonger vil det vere nødvendig å veksle mellom ulike språk i eitt og same dokument, til dømes når ein skal sitere frå ein tekst. Dette er ikkje noko problem:

Merk og vel den korrekte språkinnstillinga for kvar enkelt tekstdel i Word, Outlook eller Writer, slik at begge stavekontrollar blir brukt. På denne måten kan Lingdys bli brukt saman med til dømes Lingright. Alle programma kan køyre samstundes saman med Word eller Writer. Om det er forslagsvindauget til Lingdys eller Lingright som viser forslag, er avhengig av språkinnstillingane i dokumentet.

Dersom du ikkje har Lingright eller du skal skrive på eit anna språk enn norsk eller engelsk, vil Word/Writer bruke sin eigen stavekontroll for det aktuelle språket.

Dersom du skriv i andre program enn Word, Outlook eller Writer, vil forslag kome opp i dei forslagsvindauga som er aktiverte.

Tips: Snarvegar i Microsoft Word

Word har fleire snarvegar som forenkler skrivinga. Til dømes aktiverer tasten F7 stavekontrollen, og når du høgreklikkar på eit ord med raud strek, blir ein hjelpsom kontekstmeny vist. Medan Lingdys køyrer, kan du nytte desse og andre snarvegar som før. Merk at du i slike tilfelle framleis bruker stavekontrollen i Lingdys.

Tips: For at Lingdys-ikonet alltid skal vere synleg i systemstatusfeltet til Windows 7

1. Klikk pila **Vis skjulte ikoner** til venstre for systemstatusfeltet.
2. Klikk **Tilpass** i vindauget som kjem til syne.
3. Finn **Lingdys** i lista over ikon. Endre virkemåten til **Vis ikon og varsler**. Klikk **OK**.